



No er TV-overføringane frå kommunestyret PC-basert

**Det er først og fremst fire eigarar som eventuelt vil tapa pengar på TV Sydvest. I verste fall kan både grunnkapitalen i TVSydvest på 113.000 kroner og eit privat lån på 98.000 kroner vera tapt. Men RonnyLakselv seier til *HusnesNett* at han har godt håp om å få selt ein del av utstyret**

Det er investert for om lag 400.000 gjennom åra i teknisk utstyr og studiofasilitetar i Uskedalen til ein bokført verdi på 180.000 kroner.

Lakselv er skuffa over at politikarane ikkje gjekk inn for ei direkte TV-løysing framfor ei PC-løysing frå kommunestyremøta. Tilbodet frå TVSydvest var knapt 500.000 over 3 år - meir enn nok til å dekkja grunnkostnadane.

Redaktøren vedgår at det har vore mykje jobbing og mykje slit. Han legg ikkje skjul på vonbrotet over at det ikkje har lukkast å få til ein allmenn TV-kanal i kommunen. Då måtte alle vist langt større interesse. Men han er nøgd og stolt over eit ærleg forsøk.

Styreleiar Otto Benjaminsson er imponert over Lakselvs store iver og innsats. Tor Ivar Hellesøy og Leif Kongestøl er dei andre i styret.

Av Ktistian Hus  
Foto: Ola Matti Mathisen